



Dato
09.04.2010

Referanse
2009/3512 -
423.1/1420/1/10

Til: Arvid Mellingen
Frå: Siv Bianca Kjosås
Kopi til: Johannes Idsø, Dagmar Ølnes Lotsberg, Sogndal kommune

NOTAT

Møtereferat - tilbygg/hagestove på gbnr 1/10 i Sogndal - Aud J. Ølnes / Dagmar Ø. Lotsberg

Dato: 08. april 2010

Stad: møterommet Storen på Statens Hus, Leikanger

Deltakarar: Johannes Idsø, Dagmar Ølnes Lotsberg, Jens Øyrehagen (Sogndal kommune), juridisk sjef Arvid Mellingen (FMSF) og førstekonsulent Siv Bianca Kjosås (FMSF)

Bakgrunn

Møtet vart avtala etter initiativ frå Fylkesmannen, for å klarleggje det faktiske grunnlaget i saka, i samband med at Johannes Idsø/Aud Jorunn Ølnes i brev motteke her 29.19.09 har bede oss vurdere *omgjering* av vårt vedtak datert 14.12.09.

Møtet

Idsø la fram ein powerpiont-presentasjon, med dokumentasjon som ein meiner underbyggjer at Aud Jorunn Ølnes har eigedomsrett til huset der ein har søkt om å føre opp tilbygg/hagestove.

Lotsberg var ueinig i at ho skal ha uttala at: "Aud Jorun eig bustadhuset på den auste delen av teig C", som det går fram av brev frå advokat Thurn-Basberg. Ho viste elles til sin argumentasjon i breva som tidlegare er sende til Fylkesmannen.

Partane stadfesta på spørsmål frå Fylkesmannen at dei er samde om at systrene har full eigedomsrett til og disponerer kvart sitt bustadhus med tilhøyrande tomt på egedomen. Det er såleis ikkje omtvista mellom partane at søkjar/tiltakshavar Aud Jorunn Ølnes eig det bustadhuset som hagestova skal oppførast i tilknytning til.

Partane var einige om at det berre er sjølv grunnen som ligg i eit sameige mellom systrene.

Lotsberg viste til at delar av den omsøkte hagestova vil stå på grunn som høyrer til sameiga. Idsø påpeikte at det tidlegare er oppført ein garasje på slik felles grunn. Han understreka at tiltaket i hovudsak inneber innglasing av eksisterande altan/terrasse, men slik at arealet samtidig vert noko utvida. Ølnes/Idsø har og tidlegare nytta dette arealet til uteplass/hage.

Eigedomen er stor, og hagestova legg beslag på ein liten, klart avgrensa del av sameigearealet.

Vidare meinte Lotsberg at tiltaket truleg vil verka inn på den framtidige verdifastsetjinga av gnr 1 bnr 10, som skal gjerast av jordskifteretten. Ho presiserer at det er dette som er årsaka til at ho har innvendingar mot hagestova.



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen nemnte at i eit jordskifte vil partane ha høve til å legge fram sitt syn på saka, og m.a. påpeike forhold som ein meiner er relevant for verdifastsetjinga. Lotsberg var klar over dette, men ønskte ikkje å føregripa eller spekulere i utfallet av jordskiftet.

Partane fekk høve til å leggje fram sine synspunkt og møtet klarla det faktiske grunnlaget for saka.

Fylkesmannen ser at vi under den opphavlege handsaminga av klagesaka kunne gjort meir for å få avklart faktum rundt det privatrettslege grunnlaget før det vart fatta vedtak i saka.